

POLITISK ORGANISERING I VOSS HERAD

DEL 6: VEDLEGG

SAMANDRAG

Det overordna målet med den politiske organiseringa av Voss herad er å skapa gode tenester og ei forvaltning bygd på innsyn, tillit og dialog. Heradet ynskjer attraktive og dynamiske politiske utval med innbyrdes klart definerte ansvarsområde. Arbeidet i heradet må byggja på tydeleg formulerte rollar for politisk og administrativt nivå.

Voss heradsstyre dato:
13.06.2024



Voss herad



Vedlegg 2, Rettar og plikter for folkevalde, arbeidsreglement og delegering til utval

Forskrift om godtgjering til folkevalde i Voss herad

Innhald

| | |
|---|----|
| Forskrift om godtgjering til folkevalde i Voss herad | 64 |
| Heimel | 64 |
| § 1 Rettar og plikter | 64 |
| § 2 Lovgrunnlag..... | 65 |
| § 3 Ansvar og mynde..... | 65 |
| § 4 Dekning av utgifter og økonomiske tap, Kommunelova § 8-3..... | 66 |
| § 5 Arbeidsgodtgjersle, Kommunelova § 8-4 | 67 |
| § 6 Rett til sjukepengar, yrkesskade og permisjon..... | 68 |
| § 7 Frikjøpsordning, Kommunelova § 8-5 | 69 |
| § 8 Ettergodtgjersle, Kommunelova § 8-6..... | 69 |

Heimel

Denne forskrifta er fastsett av Voss heradsstyre 13.06.24 med heimel i Lov om kommunar og fylkeskommunar (Kommunelova) kapittel 8 og erstattar tidlegare forskrift, jf. vedtak i heradsstyret 08.09.22.

§ 1 Rettar og plikter

Formålet med forskrifta er å sikra folkevalde godtgjering og utgiftsdekning i samband med sine kommunale tillitsverv. Medlemar av eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møter, dersom ein ikkje har lovleg forfall, kommunelova § 8-1.

Arbeidstakar har rett på fri frå sitt arbeid når det er naudsynt for å oppretthalde møteplikta i folkevald organ. Arbeidstakar har også rett på permisjon frå arbeidet sitt i fire år, eller for resten av perioden, dersom ein har kommunalt eller fylkeskommunalt verv på heiltid, kommunelova § 8-2.

Kommunale møte

Heradsstyret og utvala har ein fast møtedag. Det skal utarbeidast møteplan for kvart år. Følgjande råd og utval skal vera med i planen:

- Heradsstyret



- Formannskapet, plan og økonomi
- Utval for kultur og næring
- Utval for levekår
- Utval for klima, miljø og beredskap
- Eldreråd
- Innvandrarråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd

Det vert utarbeidd møteplan innan 1. desember.

Møta bør ikkje vara meir enn 4 timar. Dersom det er lita saksmengd, kan tillyst møte avlysast. Ved behov kan det òg bli sett opp ekstramøte gjennom året.

Opplæring for folkevalde

3. I byrjinga av kvar valperiode blir det arrangert folkevaldopplæring. Opplæringa skal m.a. omhandla rolla som folkevald og rammer for politisk arbeid.
4. Opplæringa er obligatorisk og deltakarane får refusjon for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglar.

Forskrifta skal sikre at politisk valde skal ha tid og høve til å førebu seg til møte, setja seg inn i kommunale oppgåver, og ikkje minst vera til stades på møte utan at dette skal gå ut over tilhøvet til arbeidsgjevar og sjølvstendig næringsverksemd.

§ 2 Lovgrunnlag

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) kapittel 8, *Rettigheter og plikter for folkevalgte*. skal heradsstyret sjølv gje forskrift som omfattar:

- Dekning av utgifter og økonomiske tap, Kommuneloven § 8-3
- Arbeidsgodtgjersle, Kommuneloven § 8-4
- Godtgjering ved frikjøp, Kommunelova § 8-5
- Ettergodtgjøring, Kommuneloven § 8-6
- Permisjonar, Kommuneloven § 8-10

§ 3 Ansvar og mynde

Medlemar av eit kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ pliktar å delta i organet sine møter, dersom ein ikkje har lovleg forfall, kommunelova § 8-1. Forfall skal meldast elektronisk, eller til politisk sekretariat som kallar inn vararepresentant.

Det enkelte utvals- og rådsmedlem skal sjølv føra krav om eventuel køyregodtgjersle og parkering i elektronisk system. Som hovudregel skal dette gjerast etter kvart møte. Det vert ikkje betalt ut godtgjersle for møte som er avvikla meir enn eitt år tilbake i tid.

Ansvar for attestering og tilvising av godtgjersle og utgiftsdekning i høve denne forskrifta vert lagt til rådmannen, eller den rådmannen delegerer dette til.



§ 4 Dekning av utgifter og økonomiske tap, KommuneLOVA § 8-3

Dekning av tapt arbeidsforteneste/ omsorgsvikar

1. Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt på grunn av kommunale verv, får dekket dette tapet på grunnlag av dokumentasjon frå arbeidsgjevar. Dette gjeld tap i arbeidsinntekt som kjem i tillegg til ev. frikjøpsordning, og/ eller reelt tap når frikjøpsordninga ikkje vert eller kan nyttast.
2. Dersom den folkevalde og arbeidsgjevar godtek det, kan refusjonen gjerast opp direkte med arbeidsgjevar. Arbeidsgjevar sender då refusjonskrav kvar månad eller seinast innan 30.11. kvart år.
3. Folkevalde som har ulegitimert tap i arbeidsforteneste får dekket dette tapet med inntil, 1,5 % per møtedag av ordførar si godtgjersle. Dette gjeld òg for studentar som har arbeid ved sida av studiet og deltidstilsette. 1 møtedag = 7,5 timar.
4. Dokumentert tap vert dekket med *inntil 4 % av ordførar si godtgjersle, pr. dag*. Hovudregelen er at tapet skal legitimerast.
5. Folkevalde som beheld løn frå arbeidsgjevar for å ivareta kommunale verv, får ikkje dekket tapt arbeidsforteneste. Unnateke er ordning med frikjøp for leiarar av hovudutvala.
6. Krav om vederlag for tapt arbeidsforteneste må sendast minimum ei gong pr. år, seinast innan 30.11 årleg. Krav bør sendast månadleg eller kvartalsvis. Kravet vert utbetalt ved fyrste ordinære lønsutbetaling i heradet.
7. Dersom eit møte vert avlyst eller flytta **14 dagar eller meir** før oppsett møtedato, fell rett til tapt arbeidsforteneste vekk. Ved avlysing mindre enn dette får representanten dekket tapet, dersom vedkommande ikkje har høve til gå attende på jobb.
8. Folkevalde som har omsorgsansvar for born opp til 12 år, born med spesielle omsorgsbehov, sjuke, eldre og funksjonshemma, får dekket utgifter til tilsyn/ pleie i den tida den folkevalde er fråverande pga. kommunale verv. Omsorgsvikaren sender sjølv krav elektronisk. Godtgjersle vert betalt direkte til vikar ein gong i månaden. Godtgjersla er i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande timesatsar for unge arbeidstakarar eller stillingar utan krav om utdanning i hovudtariffavtalen. Ein får dekket inntil 8 timar pr. dag/ døger til omsorgsvikar. Godtgjersla er skattepliktig.
9. Godtgjersle vert ikkje gjeve dersom tilsyn eller barnepass vert utført av ektefelle eller sambuar av den folkevalde.

Skyss- og kostgodtgjersle, kommunelova § 8-3

1. Folkevalde som nyttar eigen bil i samband med kommunale møte og oppdrag får dekket reiseutgiftene i samsvar med heradet sitt reiseregulativ. Reisene må vera best mogleg samordna.
2. Parkeringsutgifter i samband med møte for folkevalde vert dekket med lågaste dagtakst for parkering. Dette gjeld i samband med møte lokalt (Voss sentrum).
3. Folkevalde som representerer heradet på kurs, møte o.l., får kostgodtgjersle og dekket reise- og opphaldsutgifter i samsvar med heradet sitt reiseregulativ. Likeins legitimert tapt arbeidsforteneste.
4. Krav om skyssgodtgjersle m.v. skal sendast elektronisk til heradet månadleg eller kvartalsvis, men seinast innan 30.november kvart år.
5. Dersom den folkevalde på grunn av utdanning og vernepliktoppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekket reiseutgifter med billegaste reisealternativ til og frå den staden ein oppheld seg som følgje av dette. Ordførar kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå dette.



Voss herad

Telefongodtgjersle

Heradet held fri mobiltelefon for ordførar og varaordførar.



Datautstyr, lisensar og internett

Alle representantane som sit i heradsstyret, eit hovudutval, i Eldrerådet, Innvandrarrådet eller Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne får 5 000,- kroner pr. valperiode for å dekke naudsynt teknisk utstyr. Dersom ein kan framvisa kvittering vert dette beløpet utbetalt skattefritt, med inntil kr 5000. I tillegg får representantane 2 000,- kroner pr år for å dekke lisensar og tilgang til internett. Tilsvarande gjeld for fyrste vararepresentant i kvart parti med 1-4 representantar som sit i heradsstyret, og fyrste og andre vararepresentant for parti med 5 eller fleire representantar som sit i heradsstyret.

Representantane i Ungdomsrådet får 2 000,- kroner pr år for å dekke lisensar og tilgang til internett. Tilsvarande gjeld kommunalt tilsette med politiske verv som får utlevert bærbart pc-utstyr frå arbeidsplassen.

Representantane har sjølv ansvar for å halda utstyret i valperioden vedlike. Kvar representant kan kun få eitt tilskot uavhengig av antal verv.

For representantar som vert vald inni verv i valperioden, vert det utbetalt stønad tilsvarande tida ein vert vald for, med avrunding opp eller ned til næraste halve år.

Den enkelte representant skal sjølv føra krav om tilskot til teknisk utstyr i elektronisk system.

Dersom ein representant i ungdomsrådet eller anna utval ikkje har naudsynt utstyr i eige, skal heradet legge til rette for låneutstyr.

§ 5 Arbeidsgodtgjersle og frikjøp Kommunelova § 8-4, § 8-5

§ 5-1. Faste godtgjersler

Fylgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler

- a. Ordførar
- b. Varaordførar
- c. Heradsstyremedlemene
- d. Formannskapsmedlemene
- e. Leiarane for utvala og kontrollutvalet
- f. Utvalsmedlemene
- g. Kontrollutvalsmedlemene
- h. Leiarane for:
 - Innvandrarrådet
 - Eldrerådet
 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Ungdomsrådet.
- i. Medlemene for:
 - Innvandrarrådet
 - Eldrerådet
 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Ungdomsrådet



§ 5-2. Ordfører

Ordfører si godtgjersle er satt til 100 % av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.

§ 5-3. Varaordfører

Varaordføraren si godtgjersle vert sett til 50 % av godtgjersla til ordføraren. Varaordføraren si godtgjersle skal dekke vanlege varaordføraroppdrag og kortare vikaroppdrag for ordføraren. Dersom varaordføraren fungerer som ordfører over eit lengre tidsrom, skal godtgjersla vurderast av politisk valde i administrasjonsutvalet.

§ 5-4. Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde vert berekna med grunnlag i 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde kan ha fleire ulike funksjonar og dermed krav på godtgjersla som høyrer til kva enkelt funksjon. Likevel skal ikkje summen av faste godtgjersler overstiga 100 % av stortingsrepresentanten si godtgjersle.



§ 5-5. Frikjøp

Ordførar vert å rekna som fullt ut frikjøpt og Varaordførar vert å rekna som 50 % frikjøpt med sine godtgjersler etter § 5-2 og § 5-3.

Godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkommande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i heradsstyret.

Styreverv og liknande godtgjersler for ordførar og varaordførar som følgje av verv oppnemnt av heradsstyret skal trekkast frå godtgjersla.

Utgangspunktet for frikjøpsordninga for andre folkevalde er at politisk valde skal ha tid og høve til å førebu seg til møte, setja seg inn i kommunale oppgåver, og ikkje minst vera til stades på møte utan at dette skal gå ut over tilhøvet til arbeidsgjevar og sjølvstendig næringsverksemd.

1. Leiar i hovudutval og medlemmer i formannskapet får tilbod om to dagar frikjøp i månaden.
2. Heradsstyret sine representantar får tilbod om ½ dag frikjøp i månaden.
3. Heradet betaler refusjon for tapt arbeidsfortjeneste etter fylgjande reglar:
 - a. ulegitimert tap 1,5‰ av ordførar si godtgjersle, pr. dag. 1 dag = 7,5 timar
 - b. legitimert tap 4‰ av ordførar si godtgjersle, opptil pr. dag. 1 dag = 7,5 timar.

Refusjonen kan ordnast direkte med arbeidsgjevar. Hovudregelen er at tapet skal vera legitimert. Eigenerklæring for tapt arbeidsforteneste frå sjølvstendig næringsdrivande skal godkjennast som legitimert tap.

4. Dei folkevalde må sjølve melda frå til administrasjonen om dei ynskjer frikjøp, likens ved opphøyr av ordninga.

§ 5-6. Reduksjon i fast godtgjersle og tilhøve til offentlege ytingar

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet til ordførar eller varaordførar skuldast anna kommunal verksemd, sjukdom, fødsel- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Heradet betaler likevel ikkje godtgjersla lenger enn 12 månadar. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

Årsak til fråværet skal opplystast og dokumenterast. Ordførar avgjer om fråværet sal telja med i 25 % regelen, i tvilstilfelle. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for.

Dersom formannskapet/ utvala har samrådingar, synfaringar, temamøte eller liknande dagen før eller etter eit møte med sakshandsaming, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve 25 % regelen.

Folkevalde som har vervet som si hovudstilling har same rettar til sjukepengar som tilsette i heradet, ytingar i samband med yrkesskade og permisjon, jf. kommunelova § 8-8, § 8-9 og §8-10.

«Det skal ystast sjukepengar til ordførar og varaordførar, som mottek godtgjering i arbeidsgjevarperioden, dei fyrste 16 dagane. I tillegg dekkjer Voss herad mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjeringa ein har i sitt verv i inntil 50 veker. Ein



dekkjer likevel ikkje mellomlegget av dokumenterte sjukepengar frå NAV og den godtgjeringa ein har i vervet sitt ut over 100 % stilling (dette inkluderer stillingar hjå andre arbeidsgjevarar). Sjukepengar vert ikkje utbetalt utover den perioden ordførar og varaordførar mottok godtgjersle for.

Sjukefråvær utover 8 dagar skal legitimerast med sjukemelding. Fråvær inntil 8 dagar kan dokumenterast med eigenmelding. Eigenmelding kan nyttast i 24 kalenderdagar i løpet av 12 månadar (jf. gjeldande IA- avtale)».

§ 5-7. Fast godtgjersle til medlem

Varamedlem som møter i meir enn 25 % av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

§ 6-1 Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Dei faste godtgjerslene vert regulert i tråd med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering pr. 1. mai. Godtgjersler og vederlaga vert elles regulert pr. 1. mai i samsvar med årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

§ 6-2 Oversikt fast godtgjersle pr. år

| | %-sats |
|--|---|
| Ordførar | 100 % av ein stortingsrepresentant si godtgjersle |
| Varaordførar | 50 % |
| Leiar for utval | 4,41 % |
| Leiar for kontrollutval | 3 % |
| Formannskapsmedlem | 4,41% |
| Heradsstyremedlem | 1 % |
| Utvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem | 1 % |
| Leiar for innvandrarrådet | 1,5 % |
| Leiar for Eldrerådet | 1,5 % |
| Leiar for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 1,5 % |
| Leiar for Ungdomsrådet | 1 % |
| Medlemene i Innvandrarrådet | 1 % |
| Medlemene i Eldrerådet | 1 % |
| Medlemene i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 1 % |
| Medlemene i Ungdomsrådet | 1 % |



§ 7 Møtegodtgjersle

§ 7-1

Møtegodtgjersle for møtande representantar og varamedlem i kommunale organ oppretta etter KommuneLOVA § 5-1 og § 5-2, vert utbetalt for kvar møtedag i same organ tilsvarande 1‰ av ordførar si godtgjersle.

Valde representantar til møter kor Voss herad har ei rolle, men som fell utanfor kommuneLOVA § 5-1 og § 5-2, får utbetalt møtegodtgjersle med 1‰ av ordførar si godtgjersle pr. møte. Godtgjersle vert likevel ikkje utbetalt når denne vert dekkja av andre.

Representantar som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si rolle som t.d utvalsleiar, formannskapsmedlem m.m Varamedlemmer har krav på møtegodtgjersle 1‰ av ordførar si godtgjersle pr. møte.

Formannskapsmedlemmer får ikkje møtegodtgjersle for møte eller oppdrag som følgje av formannskapet sine andre roller og funksjonar. Leiarar for utvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte eller oppdrag der dei møter i eigenskap av sitt verv som utvalsleiar.

§ 7-2. Fleire møte same dag

Generelt vert det ikkje utbetalt meir enn ei møtegodtgjersle pr. dag.

§ 7-3. Forfall ved leiar

Nestleiar eller andre, som må leia heile møte i leiaren sitt fråvær, får 0,5 ‰ av ordføraren si godtgjersle pr. møte i tillegg til si faste godtgjersle.

§ 7-4. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

§ 7-5 Møtegodtgjersle valstyra

Medlemene for dei ulike valstyra kan krevje møtegodtgjersle tilsvarande 1‰ av ordførar si godtgjersle for kvart møte.

Leiar og nestleiar for dei ulike valkrinsane kan krevje ei møtegodtgjersle ekstra for arbeidet som leiar.



§ 8 Ettergodtgjersle, Kommunelova § 8-6

Folkevalde som har vervet som folkevald som si hovudstilling, kan søkje om ettergodtgjersle når dei fråtrer vervet. Lengda på ettergodtgjersle vert vurdert ut i frå søknad. Det vert ikkje gitt ettergodtgjersle ut over 3 månadar. Søknad om ettergodtgjersle vert handsama av heradsstyret.

Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde friviljug avstår frå.

Ein vil ikkje motta andre ytingar (t.d. møtegodtgjersle) i perioden ein får ettergodtgjersle for hovudstilling.

Pensjonsinntekter etter folketrygdlova kapittel 19 og kapittel 20 skal ikkje reknast som inntekt etter andre ledd.

Reglementet trer i kraft frå 01.01.2025